



Statens vegvesen

REGULERINGSPLAN

Planforslag

Masseuttak Torvmo

Prosjekt E16, Varpe bru - Smedalsosen
Lærdal kommune



LÆRDAL KOMMUNE

Forslag til reguleringsføresegner for:

Jf. Plan- og bygningslova (pbl §§12-3, 12-6)

Masseuttak ved Torvmo

Planid:

Utarbeidd av Statens vegvesen Region vest 26.03.2015

§1 Planen sine grenser og reguleringsformål

Planen er utarbeidd etter §12-3, detaljregulering. Planen vert fremja etter §3-7, overføring av planførebuing til statleg mynde.

Planen si avgrensing er vist på teikningane R1 og R2. Plangrense er synt på teikning. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innaføre plangrensa.

Kartprojeksjonen er Euref 89, UTM sone 32

Formål

Formål med reguleringsplanen er å sikre tilgang til å ta ut gode steinmassar til å bygge E16 over Filefjell.

Areala i planområdet skal nyttast til følgjande reguleringsformål:

Bygningar og anlegg (Pbl §12-5, nr. 1)

- Masseuttak BSM

Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (Pbl §12-5, nr 5)

- Naturformål LNA

Omsynssoner (Pbl §11-8 a til f, jf. §12-6)

- Bevaring kulturmiljø H570

Bestemmelsesområde (Pbl §11-8 a til f, jf. §12-7)

- Midlertidig anleggsområde #M

Vertikalnivå

Planen har to vertikalnivå: «på bakken» og «under bakken».

§ 2 Felles føresegner

2.1 Byggegrense

Der byggegrense ikkje er vist, gjeld reglane i veglova.

2.2 Tidsavgrensing

Før bygging av E16 over Filefjell vert avslutta, frå Varpe bru til Smeddalsosen, skal masseuttaka førast tilbake til naturformål.

2.3 Tilkomst til anleggsområdet

Tilkomst til anleggsområdet er via ei midlertidig avkøyrslø A1. Den kan leggest der det er mest hensiktsmessig i høve til drift av området. Det skal til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Avkøyrslø skal fjernast når området vert ført tilbake til LNA-formål.

§ 3 Plankrav

3.1 Rekkeføljekrav

For sikring av uttak i område f_BSM2 kan det takast ut stein frå område f_BSM1, ca. 25 000 m³. Deretter skal all stein frå område f_BSM2 takast ut før vidare uttak frå område f_BSM1.

3.2 Driftsplan

Før anleggsstart for masseuttaket skal det føreligge driftsplan godkjent av direktoratet for mineralforvaltning.

§ 3.3 Plan for Ytre Miljø (YM-plan)

Krav i YM-plan skal følgjast opp slik at omsynet til landskap og naturmiljø vert sikra ved gjennomføring av tiltak.

Det skal leggest til rette for revegetering ved å ta hand om jord- og vegetasjonsmassar og legge på jordmassar over areala før revegeteringsmassane vert lagt ut.

Områda skal få nytt terreng med høgde slik teikningane O1 og O2 viser. Terrenget i område M1 kan byggast høgare og maksimalt så høgt som i dag. M2 kan ikkje byggast høgare enn teikninga viser.

Det skal settast opp fysiske sperrer som for eksempel gjerde for å hindre skade på kulturminnet og på myr.

Tiltak som fangar opp eller naturleg rensar overvatn skal sikre at det ikkje vert avrenning av partiklar frå sprenging og knusing til vassdraget.

§ 4 Bygningar og anlegg

§ 4.1 Masseuttak f_BSM

Områda kan nyttast til masseuttak og lagring og handsaming av massar. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte.

I område f_BSM1 og f_BSM2 kan det takast ut stein til bygging av E16. På areal der stein er teke ut kan det lagrast og knusast stein. Det kan takast ut maksimalt 350 000 m³ fast fjell.

§ 5 Landbruks-, natur- og friluftsliv og reindrift

§ 5.1 Naturformål f_LNA

Området er regulert til naturformål f_LNA i tråd med dagens bruk som natur- og friluftsområde. Heile planområdet skal førast tilbake til slik bruk når masseuttaket er avslutta.

§ 6 Omsynssoner

6.1 Bevaring kulturmiljø H570

I området H570_1 ligg eit kulturminne som er freda og bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørleg skjemme kulturminnet med mindre det er gitt løyve til dette frå kulturminnemyndigheita.



6.2 Midlertidig anleggsområde #M

Område kan brukast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring og tilstelling av masseuttaket. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Områda skal førast tilbake til formål og utforming i tråd med krav i YM-plan.

Deler av urørt naturområde #M1 som ikkje er nytta til masselagring eller får masseuttak skal ikkje ha inngrep.












Område #M3 kan nyttast til lagring av massar og knusing av stein. Dersom vegetasjonsdekke vert lagt på dette området skal det plasserast mot område #M4.

Terrenginngrep i område #M4 og #M5 skal skje mest mogeleg skånsamt. Området kan nyttast til mellomlagring av vegetasjonsdekke og toppjord utan å ta av eksisterande vegetasjonsdekke.



TEIKNFORKLARING

PBL § 12-5 AREALFORMÅL

Nr. 1 - BYGNINGAR OG ANLEGG		
 Masseuttak	(1201)	
Nr. 5 - LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT		
 Naturformål	(5120)	
OMSYNSONER (§11-8, jf. §12-6)		
c SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN		
 Bevaring kulturmiljø	(H570)	
BESTEMMELSESMÅL (PBL § 12-7)		
 Midlertidig anleggsområde	(B091)	
LINJESYMBOL		
 Planens begrensning	(1201)	
 Formålsgrense	(1202)	
 Grense for angitt omsynssone	(570)	
 Grense for bestemmelser	(091)	
 Eigedomsgrense	(4011)	
 A1. Midlertidig avkjørsle	(1242)	
 Tilstøtende reguleringsplaner		

Ekvidistanse: 1m
 Målestokk: 1:2000 i A3
 0 10 20 30 40 50m
 EUREF 89-UTM32

REGULERINGSPLAN MED REGULERINGSFØRESEGNER FOR: E16 MASSEUTTAK TORVMO				PlanID: PROFnr: 14E0016R_036
				Målestokk: 1:2000 i A3
				Dato: 26.03.2015
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	Sak nr:	dato:	sign:	
Revisjon nr:				
Kommunestyre vedtak:				
3. gangs handsaming i Formannskapet				
2. gangs handsaming i Formannskapet				
Offentleg ettersyn frå til				
1. gangs handsaming i Formannskapet				
Offentleg ettersyn frå til				
Kunngjering om oppstart av planarbeid				
Planen utarbeidd av:				
Statens vegvesen	Teikn. nr.	Rev. nr.	Sakshands.	
	R1		siljaa	

Vertikalnivå 2 (på bakken)



6 Skildring av planen

6.1 Generelt

Reguleringsplanen omfattar to område for uttak av stein, på bakken regulert til #M1 og #M2. Under bakken regulert til f_BSM1 og f_BSM2. I planomtalen vert områda kalla M1 og M2.

I planen er det i tillegg tre område for midlertidig deponering av massar, M3, M4 og M5. M5 kan nyttast til tilkomst til område M2. Det kan totalt takast ut inntil 350 000 m³ stein frå område M1 og M2.

Sidan omfang av masseuttak er usikkert skal det berre vere inngrep i område som er avklara å brukast.

6.2 Rekkefølge

Heile potensialet for masseuttak i område M2 skal takast ut før masseuttak i område M1 kan startast. Unntak er naudsynt massebehov for å fylle opp og sikre framom skjeringa til område M2. Inntil 25 000 m³ kan hentast frå M1 dersom slike massar er vanskeleg tilgjengeleg frå andre deler av veganlegget.

Dersom det er bruk for meir massar enn massetak M2 gir kan ein deretter ta i bruk masseuttak M1.

I M1 skal det ikkje gjerast inngrep på urørt areal som førebels ikkje er nytta til masseuttak.

6.3 Driftsplan

Alle uttak av massar større enn 10 000 m³ og uttak av naturstein krev konsesjon, jf. Minerallova §43. Konsesjonen blir gitt av Direktoratet for Mineralforvaltning. Konsesjonen vert gitt gjennom å godkjenne driftsplan etter at reguleringsplan er vedteken.

Driftsplanen gir informasjon om omfang av masseuttaket, kva massane skal nyttast til og korleis drifta skal gjennomførast. Vedlagt tekstdel til driftsplanen er det teikningar som viser deltaljar for driving, som etappar, og uttaksmetode. Driftsplanen skal også vise sikringsomfang og korleis området skal fyllast opp og stellast til igjen etter at steinmassane er tekne ut.

6.4 Uttak av massar

Før ein kan starta å ta ut massar i området skal vegetasjonsdekke og jord takast av og lagrast fråskilt frå andre massar og i god avstand frå areal som vert køyrt på av anleggsmaskiner. Vegetasjonsdekke, toppjord og undergrunnsjord skal lagrast kvar for seg. Dette er skildra nærare i kap. 6.12 Ytre miljøplan.

Det skal først takast ut massar frå område M2. Dette området gir om lag 130 000 m³. Dette er ei skjering langs E16, som er om lag 15 m høg på det høgaste. Lengda er om lag 250 m. For å hindra steinsprut frå sprenginga og for å tryggja arbeidet i fronten av denne skjeringa er det føresett at ein legg opp ei fylling av sprengstein framfor denne skjeringa. Det er høve til å skaffe massar til dette ved å opne masseuttak M1 dersom slike massar er vanskeleg tilgjengeleg frå veganlegget. Det er behov for om lag 25 000 m³ til dette føremålet.

Område M1 har potensiale for å ta ut inntil 350 000 m³. Det maksimale masseunderskotet for å bygge E16 frå Varpe bru til Smeddalsosen er totalt 350 000 m³. I område M1 kan det difor takast ut inntil 220 000 m³. Driftsplanen som vert utarbeidd før masseuttaket startar vil vise kva areal innanfor område M1 som får dette inngrepet.

6.5 Tilbakeføring av terrenget

Terrengforming, jordtype og korleis massane held varmen, helling og eksposisjon til sola, har stor betydning for planteliv, og er difor førande for korleis det nye terrenget skal formast.


Det nye terrenget kan ikkje formast som det opprinnelege, med ei blanding av bart fjell og myrområde. Den naturlege drencsystemet vert endra når fjell vert erstatta av lausmassar. Samansetjing og tilgjenge til næringsstoff er annleis, og som følgje av dette vil samansetjinga av vegetasjonsdekket bli ulik dagens situasjon.

Det nye terrenget vil etter kvart bli dekt av vegetasjon. I første omgang gras og låge busker, seinare bjørkeskog. Arealet vil få eit plantesamfunn med pionervegetasjon (vegetasjon som etablerer seg først). Det er ynskjeleg å forma terrenget slik at det får ulik eksponering og vasstiltgang. Terrenget formast difor med ulik helling og med småkuperte former. Terrenget er kotert og vist i vedlagde teikningar O1 og O2.

Terrenget mot skjeringkant kan varierast med å la noko bart fjell bli ståande att. Ein ser då for seg at høgda på synleg skjering varierer mellom 0 og 3 m, og at synleg skjering opptre stykkevis på opp mot 10 m lengde for kvart segment.

Dersom heile potensialet for masseuttak i område M1 vart nytta er det behov for minimum 250 000 m³ for å fylle opp igjen slik teikning O1 viser. Det skal minst fyllast opp slik prinsipp i teikning O1 viser. Det skal maksimalt fyllast tilbake til eksisterande terrenghøgde. Driftsplan vil vise massehov for tilbakefylling og skal følgje krav i YM-plan.

I område M2 er det allereie eit terrenginngrep, då bygging av E16 har gått i skjering gjennom fjellknausen. Dagens skjering er om lag 15 m høg på det høgaste. Å ta ut ytterlegare massar frå dette området vil fjerne ei synleg skjering, og visuelt betre terrenginngrepet. I område M2 trengs det om lag 65 000 m³ til tilbakefylling kotert slik teikning O2 viser.



Figur 15: Prinsippsnitt etter uttak (Ruthild Oertel).